

# BLI FASTGIVAR



**Kamam Folk High School på Sri Lanka treng fleire faste givarar. Ved å fylle ut skjemaet på baksida vil du kvar måned gi eit fast beløp til skulen.**

Kostnadane per semester (16 veker) for kvar elev på skulen er 7000 NOK. Di gåve er med på å sikre skulegang for fleire elevar og ein stabil kvardag for både ansatte og elevar.

Kamam Folk High School blei opna i 2014 og har sidan eksistert som den einaste folkehøgskulen i sør-aust Asia. Skulen er eigd og drifta av Sri Lanka YMCA (KFUM) og er eit viktig arbeid i den pågåande freds- og forsoningsprosessen på Sri Lanka.

Kvart semester er det omlag 30 elevar på skulen som kjem frå alle kantar av landet og tilhøyrrer ulike etniske folkegrupper og ulike religionar. Fleire av elevane har også opplevd krig og konflikt på nært hald og får hjelp til å bearbeide stress og traumar på skulen.

Via organisasjonen KFUK-KFUM-Global blir gåvene til skulen vidare sendt frå Sunnfjord Folkehøgskule til Kamam Folk High School.



# OM SKULEN

Sunnfjord folkehøgskule har sidan 2011 arbeidd aktivt for å etablere og starte opp den første folkehøgskulen på Sri Lanka.

Prosjektet vart starta etter at ein ungdom frå Sri Lanka, Dilanka Fernando, var elev i Førde skuleåret 2009-2010. Ho hadde sin bakgrunn i KFUMs barne- og ungdomsarbeid. Etter at ho kom tilbake til Sri Lanka, og KFUM såg kva eit år på folkehøgskule kunne gjere med ein ungdom, ønskte dei hjelp frå Sunnfjord folkehøgskule til etableringa av ein folkehøgskule. Dilanka arbeidar forøvrig på Sunnfjord Folkehøgskule i dag som lærar på Sri Lanka-linja.

KAMAM Folk High School er er no eit samarbeidsprosjekt mellom KFUK-KFUM Global, Sunnfjord folkehøgskule og KFUM på Sri Lanka.

KAMAM Folk High School ligg på austkysten av Sri Lanka. Befolkninga i området er mest tamilar og muslimar, men skulen er tenkt å vere for alle folkegrupper.

Området er fattig, og folk er prega av mange år med krig.

KAMAM Folk High School har plass til 35 elevar og det gjennomfører to 4 mnd kurs for året. I tillegg skal skulen vere kurssenter i dei elevfrie periodane. Skulen skal ha ei stipendordning for dei elevane som ikkje har moglegheit til å dekke skulegang sjølv.

I tillegg har skulen eit gjestehus med plass til 16 personar. Gjestehuset er tenkt til kurselevar og gjester m.a. frå Noreg.

## **Kamam Folk High School skal legges vekt på:**

- Leiartrening
- Sport, musikk, dans, drama, fotografi, film og friluftsliv
- Engelsk og data
- Demokrati, arbeid mot fattigdom, fredsskaping
- Entreprenørskap
- Bygging av samhold og forståing mellom folkegrupper

Skulen hadde offisiell opning i september 2014.

Elevar frå Sunnfjord folkehøgskule legg studieturar for KAMAM, og skulen vil samarbeide med Sunnfjord folkehøgskule om fagtilbod og utveksling.

## FØR OG ETTER BILETE

Slik såg nokre av bygga ut før arbeidet med å starte skulen begynte



Hovudhuset



Gjestehuset innvendig

## Fasgivar med AvtaleGiro

Med AvtaleGiro lar du banken din ordne med betalinga for deg på forfall. Då slepp du bryderiet med å sjølve ordne betalinga samtidig som du har like god oversikt over betalinga og kontoen din som før. Med denne løysinga syter banken din for at dei faste rekningane betalast direkte frå konto på forfallsdato. Du får varsel minst 7 dagar før forfall og kvittering emd forklarande tekst på kontoutskrifta.

Dersom du ikkje treng ekstra varsel i papirformat er det fint om du kryssar av for dette.



JA TAKK! Eg ynskjer å betale med AvtaleGiro.

Mottakar

Mottakar sin konto

Beløpsgrense per trekkmånad

Sunnfjord Folkehøgskule

3705 09 47778

\_\_\_\_\_kr

Belast mitt kontonr. KID-nr.  Eg ønskjer ikkje å motta varsel i forkant av betalinga, kun melding i nettbanken**Beløpsgrense per trekkmånad.**

Viss maks. beløp ikkje blir utfyllt vil beløpsgrensa bli sett til kr 5000,- per trekkmånad.

Konto vert trekt den 15. kvar månad

Namn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Postnr/stad: \_\_\_\_\_

Stad/dato \_\_\_\_\_

Underskrift: \_\_\_\_\_

Send svarkupongen til Sunnfjord Folkehøgskule  
Sunnfjord Folkehøgskule, Solvang 3, 6810 Førde